

No kjem det sanitærbygg og garasje i Hafstadparken.

Sunnfjord kommune og Førde idrettslag skal bygge garasje og sanitæranlegg i Hafstadparken. Plassering av tiltaka er synt på situasjonsplanen under.

Garasjen er plassert søraust for kunstgrasbane 1 ved tennisbanene. Garasjen skal ha tre rom med tilkomst gjennom fire portar og skal nyttast til lagring av utstyr.

Sanitæranlegget er plassert mellom rundkøyringa og kunstgrasbane 1. Sanitæranlegget, vil vere opent for allmenta, skal ha tre toalett, der eit av dei er RH-toalett, i tillegg er der eit reinhaldsrom.

Formspråket til nybygga skal vere slik som FIL-huset.

Sunnfjord kommune har inngått totalentreprisekontrakt med Åsen & Øvrelid AS om bygging av sanitærbygg og garasje.

Arbeidet er starta opp og skal etter planen vere ferdig i desember 2024.

Figur 1, Situasjonsplan, sanitærbygg og garasje



Figur 2, Sanitærbygg sett frå gangveg



Figur 3, Sanitærbygg sett frå rundkøyning



Figur 4, Garasjebygg sett frå bane 1

